



Julemiddagen

ATS arrangerer mange sosiale tilstellingar for medarbeidarane sine i løpet av året. Eit av høgdepunkta er julemiddagen, her frå samlinga på Pyramiden Senterkafè 22. desember i fjor. 40 av dei ca. 50 medar-

beidarane møtte fram, og i tillegg til god, tradisjonell julebuffet var innhaldet song og talar, gåver og julehelsingar m.m. Dei musikalske innslaga var ved Sverre Høgemo.

”Uhørte stemmer og glemte steder”

Tysdag 14. februar opna utstillinga ”Uhørte stemmer og glemte steder – fortellinger fra utviklingshemmedes historie” på Kystmuséet i Florø. I samband med opninga av utstillinga framførte John Havellen, saman med Roland Schwarz og Odd Atle Stegegjerdet, framsyninga ”Wittgenstein og eg”. Utstillinga vert ståande oppe på Kystmuséet i ca. ein måned.

I 2011 var det 20 år sidan HVPU-reforma vart gjennomført, - ei reform som førte til at utviklingshemma fekk flytta bort frå institusjonane. Utstillinga ”Uhørte stemmer og glemte steder – fortellinger fra utviklingshemmedes historie” viser utviklingshemma sine levkår i Noreg gjennom tidene. Den vart første gong stilt ut på Lepramuséet i Bergen våren 2011. Også den gongen vart ”Wittgenstein og

eg” synt fram i samband med opninga av utstillinga. Florø hadde sin eigen distriktsheim for psykisk utviklingshemma, Solbakken, som var i drift frå 1961 og fram til reforma vart sett i verk. Tidlegare leiar ved Solbakken, Lasse Seim, tok forsamlinga med gjennom innføringa av reforma i Florø, og reflekterte litt rundt at utviklinga av tilbudet til utviklingshemma på mange måtar ser ut til å gå ”i sirkel”: Metodar som vert føretrekte i ein tidsperiode



John studerer ei skjematisk framstilling av tankane til Ludwig Wittgenstein. Ikkje lett å bli klok på dette.

vert forkasta i neste, for så å verta lansert att som nyvinningar på eit seinare tidspunkt.